



Reguleringsføresegn for områdeplan

landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika- Eidsdal

PlanID	202002
Saksnummer	20/4339
Datering av reguleringsføresegn	12.11.21, rev. A 26.04.23, rev. B 18.10.23
Dato for kommunestyret sitt vedtak	XX.XX.XXXX
Dato for siste revidering	XX.XX.XXXX

1. Siktemålet med planen

Formålet med planen er å legge til rette for eit landbasert oppdrettsanlegg for smolt og fisk, med tilhøyrande bygg og anlegg.

2. Generelt

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er synt med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala brukast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastsett.

Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova (pbl.).

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar i strid med desse.

3. Fellesføresegner

3.1- Plassering og definisjonar

Bygningar skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrensene som er vist på plankartet.

Byggegrense mot sjø er lik formålsgrense.

Tillate utbygd areal (BYA) definerast etter teknisk forskrift (TEK). %-BYA fastsett tillat utbygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Parkering på bakkenivå regnast med i utnyttinga.

Gesims- og mønehøgd bereknast i samsvar med TEK §§ 5.9 og 6.2, og reknast i høve gjennomsnittleg planert terreng.

3.2 - Bygningars form, plassering, materialbruk og farge

Bygningar skal prosjekterast og utførast slik at den får ei god arkitektonisk utforming i samsvar med sin funksjon, og at den etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv (form og materialbruk) og i høve til sin funksjon og dei bygde og naturlege omgjevningar.

Det skal leggjast vekt på å finne ei så god løysing som mogeleg i høve til tilpassing til eksisterande landskap/terreng.

3.3 - Terrengbehandling, utomhusplan

Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalende. Skjeringar som følgje av utgraving/planering av tomt skal der det er fysisk mogleg, plantast til med stadeigen vegetasjon. Der det er behov for støttemurar skal desse tilpassast terrenget og etablerast med naturstein eller liknande.

Saman med søknad om byggjeløyve kan kommunen krevje at det vert utarbeidd ein utomhusplan for den ikkje utbygde delen av tomta. Denne skal ved sida av å vise utbygd areal, også vise terrengbehandling og eksisterande og ev. ny vegetasjon.

3.4 - Høgde på terreng, gjerde m.m. mot offentleg veg og grøntareal

Terreng, gjerde, hekkar o.l. i formålsgransa langs offentlege vegar skal ikkje vere høgare enn 1,2 m over vegnivået, og 0,5 m ved kryss eller avkøyrslar.

3.5 - Kommunaltekniske anlegg

Innanfor byggeområda kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er naudsynt. Slike innretningar skal godkjennast av kommunen.

3.6 - Overvasshandtering

Overvatn skal i størst mogeleg grad handterast lokalt. Overflata skal berre forseglast så langt det er naudsynt. Plan for *Overvannshåndtering Raudbergvika*, utarbeidd av Norconsult datert 01.07.22 skal vere retningsgjevande. Endeleg løysing skal detaljprosjekterast og ligge føre ved byggesøknad av tiltak.

3.7 - Støy

Retningslinje T-1442 gjeld for utslepp av støy frå bygge- og anleggsverksemd innanfor planområdet. Støygrense for utandørs bygge- og anleggsverksemd skal vere i samsvar med punkt. 6.1. tabell 4 i retningslinjene. Ved overskriding av grenseverdier skal det lagast ein plan for handtering av støy i bygge- og anleggsfasen før igangsettingsløyve kan bli gitt.

3.8 - Universell utforming

Byggverk for publikum og arbeidsbygning skal være universelt utforma slik det følgjer av føresegner i forskrifta, med mindre byggverket eller del av byggverket etter sin funksjon er ueigna for personar med nedsett funksjonsevne. (TEK 17) Dette skal vurderast på byggesaknivå.

3.9 - Nedkjemping av uønska framande planteartar

Det er registrert uønska framande planteartar innanfor planområdet (platanlønn og valurt i Eidsdal). Før det vert gjeve løyve til igangsetting av anleggsarbeid, må det liggje føre tiltaksplan som beskriv korleis ein kan hindre at disse artane spreier seg med massehandtering. Planen skal godkjennast av kommunen.

3.10 - Plan for anleggsperioden

Anleggsplan skal vere behandla og godkjent i kommunen før løyve til byggetiltak kan bli gitt.

3.11 - Behandling etter særskilt lovverk

Tiltak i sjø er søknadspiktig etter hamne- og farevasslova og skal godkjennast av Kystverket og Hamnevesenet.

Utslepp i anleggs- og driftsperioden, og utfylling i sjø krev løyve frå Statsforvaltar, etter forureiningslova.

3.12 - Krav om vidare undersøkingar, overvaking og miljøoppfølging

Det er krav om miljøoppfølgingsplan som avklarar behov for overvaking og miljøoppfølging jf. punkt 6.1.1.

3.13 - Krav om gjenbruk av matjord

All matjord som blir fjerna ved byggetiltak i samsvar med godkjent plan, skal ivaretakast og nytast til nydyrking eller arronderingsmessige tiltak hjå ein matprodusent i aktiv drift.

4. Føresegn for arealformål

Areal innanfor planens avgrensingslinjer er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (pbl. § 12-5, nr 1)

- Sentrumsformål (BS)
- Næringsbygningar (BN)
- Naust (BUN 1-2)
- Angitt bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål (BAA)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5, nr 2)

- Køyreveg, offentleg (o_SKV1)
- Køyreveg (vegtunnel), privat (SKV2)
- Annan veggrunn teknisk anlegg, offentleg (o_SVT)
- Parkeringsplass (o_SPP)

Grøntstruktur (pbl. § 12-5, nr 3)

- Friområde (o_GF)

Landbruks-, natur- og friluftformål (pbl. § 12 – 5, nr 4)

- Natur- og friluftsområde (LNF)
- Landbruksformål (LL)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl. § 12 -5, nr 6)

- Hamneområde i sjø (o_VHS)
- Badeområde (o_VB)

Omsynssoner (pbl. § 12-6)

- Frisikt H140
- Anna sikringssone (verneskog) H190
- Ras- og skredfare H310
- Flaumfare H320
- Bevaring av kulturmiljø H570
- Høgspenningsanlegg H370
- Bandlegging etter lov om kulturminne H730
- Bandlegging etter lov om naturvern H720

Føresegnssområder (pbl. § 12-7)

- #1 automatisk freda kulturminne
- #2 mellombels bygge- og anleggsbelte.
- #3 mellombels rigg- og anleggsområde

4.1 Bygningar og anlegg

4.1.1 Sentrumsformål

Arealet omfattar etablert bygning, og er tatt med for å få samanheng i plankartet.

4.1.2 Næringsbygningar (BN)

Generelt

- a) Det er krav om utomhusplan ved søknad om tiltak. Den skal omfatte heile byggeområdet, og vise opparbeiding av tomta med tilkomst, parkering, manøvrering, utomhuslager, terrengbehandling, bygningar, anlegg og aktuelle konstruksjonar.
- b) Utvendige fargar på bygningar og anlegg skal i hovudsak vere brunt, grønt og grått slik som ein finn i fjell og vegetasjon på staden. Materialet i overflate skal vere lavt reflekterande. Hensikta med dette er å dempe visuell verknad.
- c) Det skal utarbeidast plan for lyssetting av anlegget både for anleggsperioden og permanent situasjon. Situasjonsplan i målestokk 1:500 skal vere ein del av lysplanen. Lyssetting må vere balansert i forhold til krav i arbeidsmiljølova og med omsyn til naturmangfald. Planen skal leggast fram for Statsforvaltar og Stranda kommune for godkjenning, og følgje søknad om rammeløyve.
- d) Internvegar er innlemma i dei enkelte byggeareala. Desse kan endrast og flyttast, og tilpassast etter behov.
- e) Grad av utnytting er sett til %BYA= 80 %.
- f) Byggeområda kan også nyttast til rigg- og eller anleggsområde.
- g) Minimumskotehøgde for overkant golv kan justerast dersom nye berekningar av oppskyljing/tsunamieffekt av skred frå Åkneset gir grunnlag for det, eller endra/nye løysingar for sikringstiltak opnar for det.
- h) Det er ikkje tillate med lagring og produksjon av farlege stoff (LOX, biogass (maursyre), diesel, ammoniakk) som medfører at anlegg kjem inn under Storulykkeforskrifta.

Næringsområdet kan nyttast til landbasert fiskeoppdrett med tilhøyrande bygg, anlegg, parkering, vegar, flytekaier og -brygger og kaianlegg. Det kan etablerast lagertankar for oksygen, lager for fiskefôr, biogassanlegg, lagertank for diesel, energiforsyningsanlegg, og anlegg for vassbehandling (avsaltingsanlegg).

Maks byggehøgde målt frå gjennomsnittleg terrengnivå er 8 meter, unntatt for lagertankar for fiskefôr og biogassanlegg som kan ha ei maks byggehøgde på 20 meter. Tekniske installasjonar kan ved behov tillast utover makshøgden, avgrensa til 2 meter over gesims og maks 10 % av takflata.

Bygningane skal etablerast med flatt tak. Grøne tak med stadeigen vegetasjon skal vurderast på byggesaksnivå. Dersom dette ikkje er mogleg skal taktekking vere i kombinasjon med grått og levande grønne nyansar.

Utvendige fargar på bygningar og anlegg skal i hovudsak vere brunt, grønt og grått slik som ein finn i fjell og vegetasjon på staden. Materialet i overflate skal vere lavt reflekterande, primært i betong, stål og tre. Hensikta med dette er å dempe visuell verknad.

Store glasflater er ikkje tillate. For å unngå kollisjonsfare for fugl, skal det nyttast silhuettar i glas og/eller mørke glas.

Bygningar skal tilfredsstille krav i sikkerheitsklasse S2 i TEK 17. Overkant golv skal ligge på minimum kote + 7 (NN2000).

Topp fylling er lik formålsgrensa.

Flytebrygger og eller -kaier må dimensjonerast i samsvar med dei straumforhold som kan oppstå. Dei må ligge på hensiktsmessig nivå i forhold til eksisterande og ny situasjon, og dimensjonerast for å tole overfløyning ved stormflo.

Vertikalnivå 1

Fjellhaller Raudbergvika

Innanfor området kan det sprengast ut fjellhallar for tilrettelegging av anlegg for landbasert oppdrett, med tilhøyrande servicetunnelar. I dette er inkludert trafoar, oksygenanlegg, lagerfunksjonar, oppdrettskar, fôranlegg, interne vegsystem m.m.

Ved søknad om uttak av masser skal det ligg føre ein detaljert bygge- og anleggsplan som viser detaljert utforming og design av berganlegget, startpunkt, fasar i anleggsutbygginga, og aktuell plassering av massane, både mellombels og permanent.

Byggeplanen skal vise aktuelle bygningstiltak, internvegar, og rømingvegar.

For vass- og avlaupstunnelar med utslag under vatn er det krav om detaljprosjektering for endeleg plassering. Det er krav om reinsesystem for inntak av vatn, og utslepp til fjorden. Reinsesystem skal ha godkjenning av mattilsynet og statsforvaltar.

4.1.3 Naust (BUN 1-2)

BUN1

Naust er i denne samanheng bygg for oppbevaring av båtar, fiskereiskap og båtutstyr, og anna utstyr for bruk av sjøen i rekreasjonssamanheng. Naustbygga skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, karnapp eller andre fasadeelement. Det er ikkje høve til å isolere og innreie loft eller hems til opphaldsrom eller overnatting. Naust kan oppførast frittliggande eller samanbygd. Maks storleik er 50 m², og maks mønehøgde er 5,0 meter.

Innanfor område kan det etablerast felles båttopptrekk. Flytebrygger og moloar er ikkje tillate.

Nye naust innanfor BUN2 skal konstruerast/dimensjonerast slik at dei toler stormflo og bølgepåverknad i samsvar med bygningsklasse F1, TEK 17. Dersom dei ikkje blir konstruert slik at dei toler overfløyning/stormflo skal dei etablerast på trygg kote og ikkje lågare enn kote +4 (NN 2000). Jf. Kommunens heilskaplege ROS-analyse, vedtatt 07.05.20.

BUN2

Området omfattar eksisterande historisk nausttrekkje som er SEFRAK-registrert. Nausta og støene skal bevarast slik dei står. Fylkeskonservator skal uttale seg ved søknadspåttige tiltak. Jf. § 5.3.

4.1.4 Angitt bygge- og anleggsformål kombinert med andre angitte hovudformål (BAA)

Området kan nyttast til campingplass og naustformål enten i kombinasjon eller kvar for seg.

For etablering av naust gjeld føresegnene i pkt. 4.1.3, BUN1.

Ved utnytting til camping gjeld det generelle avstandskravet på 4 meter mellom campingeiningar.

4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

4.2.1. Køyreveg (SKV)

Ytterdalsgata er regulert som offentlig køyreveg og har nemninga o_SKV1. Vegen er regulert med 6,5 meter bredde inkludert skuldre.

Veg- og vedlikehaldstiltak skal ta omsyn til eksisterande historiske nausttrekkje. Jf. § 5.3. Ved utviding av Ytterdalsgata er det krav om flytting av det søraustlegaste naustet på gbnr. 73/6. Jf. rekkefølgekrav i pkt. 6.1.5.

Det skal etablerast dreneringstiltak som hindrar avrenning inn mot nausttrekkja ved utviding og vedlikehald av gata.

Plan for vintervedlikehald og snøbrøyting skal utarbeidast for å ivareta omsynet til nausttrekkja slik den ikkje blir påført skade.

For søknadspåttige tiltak skal det dokumenterast at fylkeskonservator er rådført om aktuelle løysingar.

4.2.2 Anna veggrunn, teknisk anlegg (SVT)

Anna veggrunn teknisk anlegg o_SVT omfattar nødvendig trafikkareal utanom køyrearealet. Det kan nyttast til skjeringar og fyllingar, grøfter, tekniske installasjonar og konstruksjonar.

I området ved badeplassen skal etablert mur reetablerast, dersom ein under utviding av vegen må gjere tiltak som påverkar denne. Jordskråning skal tilsåast, og det skal etablerast god kontakt inn mot friområdet. Dette må detaljprosjekterast samstundes med vegprosjekteringa.

4.2.3 Parkeringsplass (SPP)

Arealet o_SPP kan nyttast til parkerings- og snuplass for personbilar og bussar. Fyllingsfront mot sjø skal avsluttast på ein estetisk god måte, i tråd med dagens (2023) situasjon ved fellesnausta. Det skal elles leggast vekt på å forbetre dagens overgangssone inn mot badeplass og friområde.

4.2.4 Vegtunnel, SKV2 – vertikalnivå 1

Tunnel Raudbergvika – Eidsdal

Innanfor området kan det etablerast vegtunnel. Det er krav om detaljert byggeplan på byggesaksnivå. Byggeplanen skal vise møteplassar, snu- og havarinisjer, siktforhold ved tunnelmunning med tilstrekkeleg avstand til bygningar og anlegg, adgangskontroll og belysning.

4.2.5 Illustrasjonslinjer for kaiområde

Plankartet viser illustrasjonslinjer for aktuelle flytekaier/-brygger. Eksakt storleik og dimensjonering skal detaljprosjekterast og fastsettast i byggesak.

4.3 Grøntstruktur

4.3.1. Friområde (GF)

Området o_GF er regulert til offentleg friområde for opphald og leik i tilknytning til badeplassen o_VB. Innanfor området kan det etablerast sitteplassar, toalett og andre funksjonar som naturleg fell inn under formålet.

4.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål

4.4.1. Natur og friluftsområde (LNF)

Område merka LNF er sett av til natur- og friluftsområde. Luftesjakter og skredsikringstiltak kan etablerast innfor området.

4.4.2. Landbruksareal (LL)

Arealet er merka LL, og er tatt med pga. behov for areal til anleggsbelte. Jf. punkt 5.4.

4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

4.5.1. Hamneområde i sjø (VHS)

Området o_VHS er ope for almen ferdsel for sjøbasert nytte- og fritidstrafikk.

Ved utbetring av sjøfront i Raudbergvika, skal fyllingsfot i o_VHS1 følgje dagens etablerte.

4.5.2. Badeplass (VB)

Området o_VB er regulert til badeplass.

5. Føresegner til omsynssoner

5.1 Sikringssoner

5.1.1. Frisikt

I område med regulert frisiktsone, merka H140, skal det vere fri sikt på 0,5 meter over tilgrensande vegars nivå. Buske, tre, gjerder eller andre konstruksjonar som hindre sikt er ikkje tillate.

5.1.2. Andre sikringssoner

Sikringssone merka H190 omfattar verneskog. Skogen er ein del av skredsikringa knytt til tiltak i Eidsdal.

Konsekvens for verneskog skal vurderast i forhold til hogst i påhoggpunktet til tunnel i Eidsdal, m.o.t om det utløyser behov for ekstra sikringstiltak rundt tunnelmunning mv. Hogst i verneskog er meldepliktig til kommunen.

5.2 Faresoner

5.2.1. Ras- og skredfare (H310)

Fareområde ras og skred er vist på plankartet og merka H310.

Skredfare H310_1-2

Skredfare innanfor desse omsynssonene har årleg sannsyn for skred i bratt terreng $\geq 1/100$. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3 (jf. byggtknisk forskrift §7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

Skredfare H310_3-6

Skredfare innanfor desse omsynssonene har årleg sannsyn for skred i bratt terreng $\geq 1/1000$. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 (jf. byggtknisk forskrift §7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

Skredfare H310_7-10

Skredfare innanfor desse omsynssonene har årleg sannsyn for skred i bratt terreng $\geq 1/5000$. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S3 (jf. byggtknisk forskrift §7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

Skred/tsunami H310_11-14

Skredfare innanfor desse omsynssonene har årleg sannsyn for flodbølge $\geq 1/1000$. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 (jf. byggtknisk forskrift §7-3) før

det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

Skred/tsunami H310_15-16

Skredfare innanfor desse omsynssonene har årleg sannsyn for flodbølge $\geq 1/5000$. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S3 (jf. byggt teknisk forskrift §7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

5.2.2. Flaumfare (H320)

Havnivåstigning og stormflo

Fareområde havnivåstigning og stormflo (200-års) er vist på plankartet og merka H320 1-2. Område BN 2 i Raudbergvika skal konstruerast/dimensjonerast slik at det toler stormflo og bølgepåverknad i samsvar med sikkerheitsklasse F2 med minimumshøgde kote +7 (NN2000). Unntatt etablert kai som i dag (2023) ligg på ca. kote 2,5. Kaia kan vidareførast på dette nivået.

I Eidsdal skal bygg og anlegg konstruerast/dimensjonerast slik at dei toler stormflo og bølgepåverknad i samsvar med sikkerheitsklasse F1 med minimumshøgde kote +4 (NN2000). Unntatt austre del av Ytterdalsgata og dei bevaringsverdige naust som skal ligge på same terrengnivå som i dag (2023). Dette for å ta omsyn til den historiske naustrekkja.

Bekker/elver

Fareområde flaum bekker/elver (200-års) er vist på plankartet og merka H320_3-6.

Det er registrert flaumfare knytt til to bekkar i området, jf. notat WHS Raudbergvika – Flomvurdering av 08.06.22. utarbeidd av Norconsult. Aktuelle sikringstiltak går fram av rapporten, tiltak må detaljprosjekterast og dokumenterast på byggesaksnivå.

5.3 Særlege omsyn - bevaring av kulturmiljø

Omsynssone H570 inneheld SEFRAK-registrert naustmiljø BN1.

Eksisterande naust skal bevarast der dei står, med unntak av naustet lengst aust som kan flyttast noko fram i flukt med nabonausta sine gavlveggar mot sjøen.

Ved vedlikehaldstiltak på bygga skal både form, høgde og volum oppretthaldast. Ved istandsetting skal opphavlege eller eldre detaljar som panel, dører og takteking bevarast så langt mogleg. Opphavlege bygningsdelar skal i størst mogleg grad reparerast framfor heil utskifting. Der det er behov for å skifte ut materialar eller bygningsdelar, skal desse erstattast med same type og utføring.

Eksisterande støer skal bevarast. Det er ikkje tillate å gjere inngrep i form av støyping av opptrekk, etablering av vorr eller flytebrygger.

For søknadspliktige tiltak skal fylkeskonservator ha saka til uttale, før løyve kan bli gitt.

5.4 Bandlagde område

5.4.1. Landskap (H720)

Areal som er omfatta av Geiranger-Herdalen Landskapsvernområde er merka H720, området er bandlagt etter lov om naturvern.

Måleutstyr i og nær Kilstivatnet, for måling av grunnvatn og vasstand, kan etablerast innanfor formålet.

5.4.2. Kulturminne (H730)

Omsynssone merka H730 inneheld område med automatisk freda kulturminne. Den naturlege vegetasjonen skal takast vare på og haldast i hevd slik området ligg i dag. Det er ikkje høve til å sette i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det fredakulturminne og dets verneområde eller framkalle fare for at det kan skje, jf. kulturminnelova, §3. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.

5.4.3. Bandlegging etter anna lovverk (H740)

Omsynssone H370 omfattar dagens høgspenlinje.

5.5 Føresegnsområde

5.5.1. Område med automatisk freda kulturminne (#1)

#1 Før utbygging kan setjast i gong, skal det gjennomførast ei arkeologisk gransking av det automatisk freda kulturminnet ID 283922.

Det skal takast kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltak skal setjast i gong, slik at omfang av granskinga kan fastsettast.

Granskinga skal dekkast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.

5.5.2. Mellombels bygge- og anleggsbelte (#2)

#2 Område kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av utbyggingstiltak i planområdet, og lagring av massar og stadeigen vegetasjon.

Når området blir tatt i bruk skal det sikrast på forsvarleg måte.

Der anleggsbeltet kryssar avkøyrslar og tilkomstvegar/driftsvegar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at den ikkje hindrar bruken av desse i vesentleg grad.

Etter at anleggsperioden er over skal areala settast i stand som før anleggsstart, og tilbakeførast til landbruksformål.

5.5.3. Mellombels rigg- og anleggsområde (#3)

#3 Rigg og anleggsområde kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av utbyggingstiltak i planområdet, inkludert mellombelse bygningar og anlegg, lagring av massar og stadeigen vegetasjon.

Når området blir tatt i bruk skal det sikrast på forsvarleg måte.

Det kan i anleggsperioden byggast mellombelse vegar for avvikling av trafikk i bygge- og anleggsfasen.

Der rigg- og anleggsvegar kryssar avkøyrslar og tilkomstvegar/driftsvegar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at den ikkje hindrar bruken av desse i vesentleg grad.

6. Rekkjefølgjeføresegner

6.1 Før igangsetjingsløyve

6.1.1. Krav om anleggs- og miljøoppfølgingsplan

Det er krav om at miljøoppfølgingsplan skal ligge føre som del av søknad om rammeløyve for tiltaket. Den skal gjere greie for ytre miljø i drifts- og anleggsfasen. Følgjande tema skal vurderast:

Massehandtering, utslepp til luft, sjø og grunn, støy og vibrasjonar, avfallshandtering, energibruk i anleggsfasen, naturmiljø, nærmiljø og friluftsliv. Planen må vere eit levande dokument som også kan avdekke tiltak som er nødvendig i avslutningsfasen.

Ved overskriding av grenseverdiar sett i pkt. 3.7. skal det lagast ein plan for handtering av støy i bygge- og anleggsfasen før igangsettingsløyve kan bli gitt.

Krav til metode for overvaking av korallførekomst ved Skrednakken og økologisk tilstand i fjordsystemet, og overvaksingsperiode skal fastsettast av Statsforvaltar i samband med søknad om utsleppsløyve.

Løyve til uttak av massar kan ikkje bli gitt, før det ligg føre dokumentasjon på godkjend mottaksplass. Det er eit krav at mineralske massar får ein berekraftig bruk.

Ved uttak av massar skal det utførast testar for å dokumentere utlekkingspotensialet for eventuelle miljøgifter som eksempelvis metallene krom og nikkel. Masser med mistanke om asbest vil måtte handterast på ein forsvarleg måte med tanke på HMS. Ein risikovurdering med fokus på både miljø og helse for den kommande massehandteringa skal utførast i forkant av anleggsarbeidet.

6.1.2. Krav om forundersøking/ kartlegging av Kilstivatnet og av grunnvassforhold

Grunnvassforholdet i bergmassen skal vurderast saman med risikoen for innlekkasje og senking av grunnvasstand. Potensielt vasstrykk og grenseverdi for tillate innlekkasje for berganlegget skal vere grunnlag for å vurdere strategi og metodikk for vassetting ved driving av berghallar og tunnelar. For berghallar vil det vere strenge krav til vassdrypp m.o.t matfiskproduksjon.

For Kilstivatnet er det krav om overvaking av naturleg variasjon i grunnvassnivå og vassnivå i minimum eitt år i forkant av start av tunneldriving mellom Raudbergvika og Eidsdal. Det må

etablerast vasstandsmåler i Kilstivatnet. Det skal i tillegg etablerast borehol i berg øst/nord for vatnet for å overvake grunnvassnivået i berget. Boreholet instrumenterast opp med trykksensor slik at variasjonar i grunnvassnivå kan kartleggast. Sensorar skal fange opp unaturlege variasjonar når tunnelen drives, og eventuelle tiltak ved lekkasjar settast i verk.

Det er krav om hydrogeologisk kompetanse i detaljprosjekteringa av berganlegg og vegtunnel.

6.1.3. Krav om skredsikringstiltak

Før igangsetjingsløyve for byggetiltak i område BN, Raudbergvika, kan bli gitt må sikringstiltak detaljprosjekterast (fangvoller/betongmur og sikringsgjerde) og tiltak vere fullført (ferdigattest). Jf. skredfarerapport utarbeidd av Norconsult datert 25.01.21. rev. 23.06.22.

Det er krav om at det ved detaljprosjekteringa er gjennomført synfaring av ingeniørgeolog, og entreprenør som evaluerer/avklarar plassering av sikringsgjerde, fundamenteringsforhold og tilkomst for maskinelt utstyr. Inkludert krav om arbeidssikringsplan.

6.1.4. Krav om arkeologiske utgravingar

Før igangsetjingsløyve for anleggsarbeid i Eidsdal er det eit krav om at arkeologiske granskingar er utført. Jf. punkt. 5.5.1.

6.1.5. Krav om flytting av historisk naust

Før igangsetjingsløyve for utviding av Ytterdalsgata, o_SKV1 i Eidsdal, er det eit krav om flytting av det søraustlegaste SEFRAK-registrert naust på gbnr. 73/6.

6.1.6. Krav om stabilitets- og erosjonssikring av bergrom, byggeareal, etablerte kaier og fyllingar

På byggesaksnivå er det krav om dokumentasjon på utført stabilitetsvurderingar og aktuell sikring av nye og eksisterande bergrom.

Fundament og underlag for bygningar, etablerte kaier og fyllingar skal ha tilfredsstillande sikring mot erosjon og undergraving av flodbølgje. Konstruksjonane må tole krafta av strøymande vatn frå ei bølgje. Dimensjonering skal fastsettast i detaljprosjekteringa, og dokumenterast ved byggesøknad. Jf. Norconsults notat «Flomfare fra vindbølger og skredinduserte bølger», datert 24.06.2022.

6.1.7. Krav om flaumsikring

Sikringstiltak knytt til overflatevatn, bekkar og stormflo må detaljprosjekterast og dokumenterast på byggesaksnivå.

6.2 Før bygningar blir tekne i bruk

6.2.1. Dokumentasjonskrav sikringstiltak

Før bygningar og anlegg i område BN kan bli tekne i bruk skal det ligge føre plan for beredskap og evakuering av personell, og dokumentasjon på at sikringstiltak knytt til flodbølge, flaum, overflatevatn, og skred er etablert.

6.2.2. Krav om beredskaps- og brannteknisk plan

Før bygningar og anlegg i område BN kan bli tekne i bruk skal det ligge føre ei beredskapsanalyse som avklarar teknisk sikkerheit ved anlegget og installasjonar som er plassert utandørs og i berg. Analysen skal definere risikoreduserande tiltak, både passive, aktive og organisatoriske, og munne ut i ein beredskaps- og brannteknisk plan.

6.2.3. Krav til belysning

Tiltak fastsett i lyssettingsplanen skal vere gjennomført før det kan bli gitt ferdigattest.

6.2.4. Krav om tiltaksplan ved stormflo, og ved heva farenivå Åkneset

Det kan ikkje bli gitt bruksløyve for bygningar og anlegg før det ligg føre ein plan for iverksetting av stenging av kaier og flytebrygger/-kaier ved fare for at bølger slår over dekke, og ein plan for nedstenging av oppdretts- og produksjonsanlegg ved heva farenivå knytt til skred frå Åkerneset.

6.2.4. Krav om sløkkevassforsyning

Det kan ikkje bli gitt bruksløyve for bygningar og anlegg før det er etablert tilfredsstillande system for sløkkevatn.

6.2.5. Krav om reetablering av badeplass i Eidsdal

Det kan ikkje bli gitt bruksløyve for parkerings- og veganlegg i Eidsdal, før badeplassen merka o_VB er reetablert. Den skal tilbakeførast til same stand som den var før igangsettingsløyvet blei gitt.

7. Oppheving og endring av planar

7.1 Oppheving av plan for badeplass

Reguleringsplan for badeplass i Eidsdal vedtatt 19.10.95 blir oppheva.

7.2 Endring av plan for Ytterdal

Reguleringsplan for Ytterdal vedtatt 14.06.93, får endra formål for deler av campingområdet, deler av landbruksområdet og for naustområdet i vest.